



Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærerutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Seniorkonsulent, opptak og rekruttering

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig ei fast 100% stilling som seniorkonsulent, opptak og rekruttering i Avdeling for studieadministrasjon

Avdeling for studieadministrasjon har ansvar for eksamen, studentopptak og fyrstelinjeteneste. Avdelinga har om lag 50 tilsette fordelt på alle fem studiestader og samarbeider tett fakulteta sine studieadministrasjonar.

Om stillinga

Stillinga er ein del av Eining for opptak og rekruttering. Arbeidsoppgåvene varierer gjennom året, frå hektiske periodar med mykje sakshandsaming til periodar med meir utviklings- og rapporteringsarbeid. Denne stillinga vil ha eit særleg fokus på opptaksarbeid knytt til internasjonalisering.

Arbeidsstad er campus Bergen

Ansvars- og arbeidsområde

- Førebu og gjennomføre opptak av studentar til studiepoenggevendende studietilbod
- Sakshandsaming knytt til opptak
- Særleg ansvar for eininga sitt arbeid med opptak av internasjonale studentar
- Informasjon og rettleiing av søkjarar
- Gjennomføre rekrutteringstiltak
- Samarbeid med fakulteta og avdelingar i fellesadministrasjonen

Kvalifikasjonskrav

Til stillinga vert det stilt krav til utdanning på bachelor- eller masternivå, eller spesialistutdanning tilpassa dei oppgåvene som skal utførast. Relevant erfaring/realkompetanse kan kompensere for utdanning.

Relevant praksis frå arbeid med studentopptak eller arbeid med utanlandske søkjarar/studentar/utdanningar vil vere ein fordel.

Du må vere serviceinnstilt, løysings- og utviklingsorientert, initiativrik og ha gode samarbeidsevner. Du må i tillegg ha god arbeidskapasitet og kunne takle ein hektisk arbeidskvardag.

Vi tilbyr

Stillinga som seniorkonsulent er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1363 - seniorkonsulent. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggest ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert

alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd.

[Heimeside](#)

Kontaktpersonar ved Høgskulen på Vestlandet er:

1. Avdelingsleiar, Espen Fosse, telefon [+47 52 70 26 16](tel:+4752702616) / mobil [+47 917 59 332](tel:+4791759332)
2. Prorektor for utdanning: Bjørg Kristin Selvik, telefon [+47 55 58 75 56](tel:+4755587556) / mobil [+47 915 83 744](tel:+4791583744)

Jobbnorge-ID: 161978, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut